

Bestandsplan 2023 - 2025

Naustdal Bestandsplanområde



Foto: Johan Trygve Solheim

Bestandsplanen er reidskapen for å drive ei målretta forvaltning av hjorten i området framover. Den beskriv bestandsutviklinga slik den har vore utifrå tilgjengelige data og kunnskap. Vidare set den mål for forvaltninga framover i samavar med kommunane sitt forvaltningsmål og tiltak for å nå desse måla. Dette vil gje føringar for avskytinga for valda som sluttar seg til bestandsplansamarbeidet. Planen opnar opp for overføring og flytting av løyver mellom valda i samarbeidet.



Innhold

1. Innleiing	3
2. Bestandsplanområdet si avgrensing og storleik	3
2.1 Kart over planområdet.....	3
2.2 Oversikt over valda innan årsleveområdet:	4
3. Organisering, drift og økonomi	4
3.1 Organisering.....	4
3.2 Drift og administrasjon.....	4
3.3 Økonomi.....	4
4. Avskyting, bestandsutvikling, mål og status i årsleveområdet	5
4.1 Kommunal målsetjing, minsteareal.....	5
4.2 Evaluering av føregående planperiode	5
4.3. Avskyting innan årsleveområdet	7
4.3.2 Samla avskytinga fordelt på kjønn og alder.	7
4.4. Sett hjort	9
4.4.1 Bestandsutvikling	9
4.4.2 Jakttrykk	11
4.5. Overvakingsprogrammet for hjort.....	12
4.5.1 Slaktevekter for kalv og ungdyr	12
4.5.2 Reproduksjon	13
4.5.3 Årsaker til vektredgong og redusert reproduksjonsemne	14
4.6 Status for bestandsutviklinga	15
4.6.1 Bestandsstorleiken.....	15
4.6.2 Kjønnsbalanse:	15
4.6.3 For låg gjennomsnittsalder i bestanden.	16
4.6.4 Tiltak for å endre bestandsstatus:	17
5 Mål for bestandsplanen	17
5.1 Hovudmål:	18
5.2 Delmål:	18
6. Handlingsdel – avskytingsplan.....	18
6.1 Avskytingsplan.....	18
6.2 Fordeling av fellingskvote til valda.....	19
6.3 Overføring av fellingsløyve mellom vald, fellesjakt.....	19

1. Innleiing

Bestandsplan for Naustdal Bestandsplanområde tek føre seg den samla hjortebestanden i området uavhengig om alle valda har tilslutta seg den eller ikkje. Med bakgrunn i tilgjengeleg datamateriale frå fellingsstatistikkar, Sett hjort og «Overvåkingsprogrammet for hjortevilt» har ein freista å gjere opp status for hjortebestanden i området.

Utifrå dette og ynskje for framtidig utvikling har ein utarbeidd plan for avskytinga i neste 3 års periode.

Valda som inngår i bestandsplansamarbeidet her består framleis som sjølvstendige vald og vil få si tildeling frå kommunen som valfrie fellingsløyver. Avskytinga skal gjerast i samsvar med bestandsplanen som ikkje omhandlar noko i høve den interne fordelinga og jaktutøving m.v. i dei einkilde valda. Det er høve å flytte/overføre løyve mellom vald i bestandsplanområdet når jaktrettshavarane er samde om dette

2. Bestandsplanområdet si avgrensing og storleik

Bestandsplanområdet omfattar heile tidlegare Naustdal kommune.

2.1 Kart over planområdet



Kartet syner avgrensinga (blå stipla line) for Naustdal bestandsplanområde.

2.2 Oversikt over valda innan årsleveområdet:

Valdnummer	Valdnamn	Godkjent areal daa	Tildelt 2022	Felt 2022	Fellings %	Areal per tildelt
4647V0001	Horne	1646	6	14	233	274
4647V0002	Seljevoll/Apneseth	2885	11	10	91	262
4647V0018	Midtre Naustdal Storvald	50270	206	121	59	244
4647V0020	Nedre Sørside Storvald	25628	105	89	85	244
4647V0022	Kvellestad	2633	10	12	120	263
4647V0023	Horstad og Solheim storvald	15973	40	38	95	399
4647V0024	Sørsida Storvald	22355	55	27	49	406
4647V0025	Instedalen Storvald	27025	50	29	58	541
4647V0169	Naustedalen Nordside Storvald	32635	90	63	70	363
4647V0170	Vevring Storvald	30259	107	91	85	283
	Sum/gjsn	211309	680	494	72,647059	311

Tabell 1: Syner godkjent areal for valda innanfor området, tildelte og felte hjort, fellingsprosent for jakta i 2022 og arealgrunnlag for kvart tildelt fellingsløyve.

3. Organisering, drift og økonomi

3.1 Organisering.

Det er valda som er medlem i bestandsplanområdet og det skal arbeidast for at alle valda innan området vert med i bestandsplanområdet. Valda som er med i bestandsplanområdet må skriftleg tilslutte seg samarbeidet.

Bestandsplanområdet si hovudoppgåve er å drive hjorteforvaltning innafor område. Dette gjennom utarbeiding, gjennomføring og oppfølging av bestandsplan.

Bestandsplanen omhandlar berre sjølve avskytinga for området og ikkje noko i høve den praktiske jaktutøvinga for dei einskilde jaktvalda. Desse består som sjølvstendige einingar og får tildelinga av fellingsløyve frå kommunen i samsvar med bestandsplanen. Valda skal og rapportere fellingsresultatet og anna til kommunen i samsvar med gjeldande fristar.

Bestandsplanen er kunnskapsbasert og utarbeidd med grunnlag i tilgjengelig datamateriale i høve Sett hjort, fellingsstatistikkar og vekt/kondisjonsutvikling med bakgrunn i slaktevekter og resultat frå Overvåkingsprogrammet for hjortevilt.

3.2 Drift og administrasjon

Bestandsplanområde, har eige styre som er ansvarleg for den faglege og administrative oppfølginga av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Arbeid med dette skal konkretiserast i Bestandsplanområdets arbeidsplan og budsjett.

3.3 Økonomi

Det skal utarbeidast budsjett og handlingsplan for gjennomføring av bestandsplanen og drifta av bestandsplanområdet. Det kommunale viltfondet dekker kostnadene med utarbeiding og gjennomføring av bestandsplanen.

4. Avskyting, bestandsutvikling, mål og status i årsleveområdet

4.1. Kommunal målsetjing, minsteareal

I høve forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 skal kommunar der det er opna for jakt etter elg, hjort og rådyr fastsetje mål for utviklinga av bestandane. Desse måla skal m.o.a. ta omsyn til beitegrunnlag, bestandsutvikling og skader på naturmangfald, jord- og skogbruk samt viltulukker på veg og bane. Bestandsplanområdet ligg i Sunnfjord kommune som vart oppretta i 2020 gjennom ei samanslåing av 4 tidlegare kommunar m.o.a. Naustdal. Det vert no arbeidd med Forvaltningsmål for hjort i kommunen men dette er enno ikkje vedteke. Alle signl tyder likevel på at hovudmålet vil verte å redusere bestandane i kommunen. Gjeldande minsteareal for Sunnfjord kommune er 500 daa.


4.2 Evaluering av føregåande planperiode

Bestandsplanområdet er no ferdig med bestandsplanen for perioden 2020 – 2022. Planen for perioden har hatt desse måla for bestandsutviklinga:

- Det er eit mål å stabilisere stamma i tal på dagens nivå (2020).
- Det er eit mål å auke alder i bestanden.
- Det er eit mål å auke kvaliteten (vekt) på dyra i bestanden.

4.2.1 Stabilisere bestandsstorleiken

Hovudmålet for planperioden har vore å stabilisere bestanden på nivået før planen vart utarbeidd i 2020.




Figur 1 Syner Sett hjort pr jegerdag ved utmarksjakt og tal felte hjort pr år.

Fellingstala vart 1. året auka monaleg i høve føregåande år med ein mindre auke neste året for å gå litt ned siste året. Trass i auka fellingstal har indeksen for Sett hjort pr jegerdag auka noko som tyder på at målet om å stabilisere bestanden ikkje er nådd.

4.2.2 Auke alder på dyra i bestanden

Det er ikkje gjennomført aldersfastsetjing av dei felte dyra i området. Ein har såleis ikkje data som kan kontrollere aldersutviklinga. Overvåkingsprogrammet for hjortevilt har synt at

gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestandane er aukande med aukande andel av kalv og ungdyr i jaktuttaket.




Figur 2 Syner kor stor andel kalv og ungdyr har utgjort av det samla jaktuttaket.

Kalv og ungdyr samla har utgjort ein stor del av det samla jaktuttaket høvesvis lenge. Andel kalv i uttaket har vore aukande dei seinare åra og utgjorde i 2022 30 % og kalv og ungdyr tilsaman 77 %. Utifrå dette er det sannsynleg at gjennomsnittsalderen til dyra i bestanden her og er aukande til liks med det ein ser i overvåkingsområda der dyra er aldersbestemde. Såleis er målet om å auka gjennomsnittsalder nådd, men gjennomsnittsalderen er truleg framleis låg.

4.2.3 Auke kvaliteten (vekt) på dyra i bestanden

Det er registrert slaktevektar frå felt hjort i området sidan 2006. Då dei vaksne dyra ikkje er aldersbestemde er det vektene for kalvar og ungdyr det er aktuelt å sjå på.




Figur 3 Syner registrerte slaktevektar for kalvar og ungdyr i området.

Å snu trenden frå minkande vektar til å verte aukande er noko som tek tid og som ikkje kan forventast innan ein 3 års periode. For kalvar kan vektene dei siste åra synest å vere relativt stabile medan dei for ungdyr framleis er minkande. Målet om auka vektar er såleis ikkje nådd.

4.3. Avskyting innan årsleveområdet

Under føresetnad av at jakttrykket vert oppretthalde nokolunde jamt og at det ikkje vert sett i verk særskilde tiltak for å påverke bestandsutviklinga for større område samla vil fellingstala over tid kunne sei noko om bestandsutviklinga. Dette i lag med tildelte fellingsløyve og fellingsprosenten vil og på kortare sikt kunne sei noko om bestandsutviklinga. Fellingsprosenten vert rekna ut på bakgrunn av kor mange av tildelte fellingsløyve som vert felt.


4.3.1 Samla avskyting i årsleveområdet 2010 - 2021



Figur 4: Syner tildelte og felte dyr (venstre akse samt fellingsprosenten (høgre akse) for perioden 2012 - 2022


Tidelinga har vore lik frå 2012 til 2021 medan fellingstalet har auka frå 407 til 518 i same perioden. Frå 2015 til 2021 har fellingsprosenten vore aukande frå 58 til 83 %. I 2022 vart tidelinga auka ein del medan fellingstala gjekk litt ned frå 518 felte hjort i 2021 til 494 i 2022. Dette medførte at fellingsprosenten fall til 73 % i 2022.

4.3.2 Samla avskytinga fordelt på kjønn og alder.




Figur 5: syner kor stor del kalv, spissbukk, fjorkolle og kalv og ungdyr samla utgjør i % av samla jaktuttak for heile årsleveområdet.

Låg gjennomsnittsalder blant produksjonsdyra er ei utfordring dei fleste stader på Vestlandet og ein medverkande årsak til reduserte slaktevevter og kondisjon hjå dyra. Kalv har her utgjort ein aukande del av det samla uttaket sidan 2015 og utgjorde siste året 30 %. Dette er ei positiv utvikling då ein stor del av uttaket på tilveksten vil medføre aukande alder på produksjonsdyra i bestanden. Andelen ungdyr har vore relativt stabil gjennom heile perioden. Kalv og ungdyr utgjorde til saman 77 % av jaktuttaket siste året.



Figur 6: syner andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak.

Som ei fylgje av at andelen kalv og ungdyr har vore aukande har eldre dyr utgjort ein minkande del av det samla jaktuttaket i perioden. Grunna overbeskatning av bukk i lang tid er det dei fleste stader for lite vaksne (6 – 13 år) bukkar i hjortebestandane. Dei siste åra har bukk utgjort berre 11 – 12 % av det samla jaktuttaket noko som er særst positivt i høve å betre på dette.



Figur 7: syner kjønnsfordelinga blant dei felte dyra for alle årsklassar samla.

Fordelinga av avskytinga på kjønn har størstedelen av perioden vore nokolunde likt fordelt mellom kjønn. Dei 2 siste åra ein hatt ei overvekt av hodyr noko som er positivt i høve å få auka andel hanndyr i bestanden.

4.4. Sett hjort

Sett hjort er eit styringsverktøy som er basert på at jegerar registrerar tal observerte hjort under jakta. Dette i saman med opplysingar om jaktinnsats samt felte dyr dannar grunnlaget for å rekne ut ei rekkje indeksar. Endringar av desse indeksane over tid gjev signal om endringar i bestandsmessige tilhøve.

Hjorten har store leveområde i gjennom året og kan utifrå ver og beitetilhøve bruke terrenget noko ulikt frå år til år. Dette i lag med tilfeldige avvik gjer at ein ikkje kan nytte Sett hjort på små einingar som mindre vald og jaktfelt. Ein kan heller ikkje utan vidare samanlikne indeksane frå eit område til eit anna. Data vert registrert særskilt for jakt på innmark og i utmark. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar difor at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar.

Tilhøve som påverkar observasjonane kan og variere frå år til år og ein kan difor vanskeleg trekkje slutningar basert på endringar av ein indeks frå eit år til neste. Ein treng data for fleire år for å kunne sjå ein trend.


Verktøyet vert betre og mindre utsett for tilfeldige avvik m.v. dess større datamengd som ligg til grunn.

4.4.1 Bestandsutvikling

Indeksane for Sett hjort pr jegerdagsverk/time, Sett kolle pr. bukk, Sett kalv pr. kolle og Sett spissbukk pr bukk gjev uttrykk for bestandsmessige tilhøve som bestandsstorleik og bestandssamansetjing/struktur.

Sett Hjort pr jegerdagsverk

Denne indeksen gjev uttrykk for endringar i bestandsstorleik, der avtakande indeks tilseier nedgang i bestandstettleik og aukande indeks bestandsvekst.




Figur 8: syner kor mange hjort som vert observert pr jegerdag i utmark, stipla blå line syner lineær trend for utviklinga av indeksen.

Trenden for indeksen er aukande noko som tyder at det er vekst i bestanden.

Sett Kolle pr Bukk

Indeks for Sett kolle pr bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestandane. Det har dei seinare åra vorte meir fokus på viktigheita av å ha nok hanndyr i bestandane. Utan nokon vitskapleg dokumentasjon så reknar ein utifrå erfaringstal at indeksen bør ligge stabilt under 1,5 og

gjærne langt lågare. Ein skal vere klar over at indeksen ikkje speglar den faktiske fordelinga i bestandane. Resultat frå *Overvåkingsprogrammet for hjortevilt* syner at bukkane lettare let seg observere enn kollene og såleis er det færre bukk pr kolle i dei faktiske bestandane enn det Sett kolle per bukk tilseier.




Figur 9: Syner kor mange kollar som vert observert per observert bukk (medrekna spissbukk) og gjev uttrykk for endringar i kjønnsfordelinga blant dyr 1,5 år og eldre i bestanden.

Trenden for indeksen er stabil noko som samsvarar med kjønnsfordelinga i jaktuttaket som lenge har vore likt fordelt mellom kjønna. Verdiane for indeksen er likevel høge noko som tilseier at det er lite hanndyr i høve hodyr i bestanden. For å betre på dette må ein ha ei overvekt av hodyr i det samla uttaket noko ein har hatt dei 2 siste åra jfr. *Figur 7*.

Sett kalv pr kolle

Denne indeksen gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden. Utifrå erfaringstal så reknar ein at denne indeksen bør ligge stabilt over 0,6.




Figur 10: Indeksen syner kor mange kalvar det er observert i høve kor mange kollar som er observert og gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden.

Trenden for indeksen er eintydig minkande men var særst høg i byrjinga av perioden. Kva den høge indeksen i byrjinga skuldast har ein ikkje noko god forklaring på, men ein indeks på 0.74 er «unormalt» høg. Dei seinare åra har indeksen vore meir stabil kring 0,6.

Sett spissbukk pr bukk

indeksen for Sett spissbukk pr bukk gjev uttrykk for aldersfordelinga til hanndyra i bestanden. I indeksen for Sett kolle pr bukk er spissbukk og rekna med som bukk. Ein høg indeks for Sett spissbukk pr bukk tilseier dermed låg gjennomsnittsalder for hanndyra i bestanden.




Figur 11: Syner kor mange spissbukk som vert observert i høve bukk.

Trenden for indeksen er eintydig minkande noko som tilseier aukande gjennomsnittsalder til hanndyra i bestanden. Dette samsvarar og godt med avskytinga der andelen eldre hanndyr har vore relativt låg lenge samstundes med ein stor del kalv og ungdyr i uttaket.

4.4.2 Jakttrykk

Kor stor del av dei dyra som jegerane observerar som vert felt kallar ein for jakttrykk. Dette er indeksar for kor mange prosent av dei observerte dyra som vert felt. Dette gjev uttrykk for kor hardt jakttrykket er på dyr av ulike kategoriar. Desse indeksane kan og vere med å underbyggje indeksane for bestandsutvikling t.d. om indeksen for Sett hjort pr jdvt/time går ned i eit område og indeksane for felt av sett dyr samstundes aukar vil det vere med å styrke signala om bestandsreduksjon. Ein vil då raskare kunne reagere og setje i verk tiltak. Motsett vert det dersom Sett hjort pr jdvt/time går ned og tal felte av sette samstundes og går ned. Då må ein vere meir varsom og gjerne vente fleire år før ein får eintydige signal.



Figur 12: Syner kor stor del av observerte dyr av ulike kategoriar som vert felt.

Indeksen for bukkar og koller er rimelig stabil medan den er aukande for kalvar noko som samsvarar med aukande andel kalv i uttaket. Når jaktuttaket i same perioden har auka monaleg underbyggjer dette signala frå Sett hjort per jegerdag om at det er vekst i bestanden.

4.5. Overvåkingsprogrammet for hjort

Overvåkingsprogrammet for hjortevilt har sidan 1992 samla inn kjevar frå felt hjort i fleire ulike regionar. Fram t.o.m. 2011 vart det og samla inn kjønnsorgan frå vaksne hodyr. Dette i lag med data om slaktevektar og fellingstidspunkt m.v. har gjeve grunnlag for mykje nyttig kunnskap om hjorteviltbestandane og endringar/utvikling av ulike tilhøve innan desse.

I region Sogn og Fjordane inngår data frå kommunane Eid, Stryn, Gloppen, Bremanger, og Flora. Overvåkingsprogrammet held fram i noko endra omfang enn tidlegare og i region Sogn og Fjordane er det no berre kommunane Flora og Gloppen som er med. I region Hordaland er det Kvinnherad kommune som inngår. Utviklinga i begge regionar er nokså lik i høve slaktevektar.


Om ein ser på avskytingsmønster og bestandsutviklinga i litt større skala så har utviklinga i perioden overvåkingsprogrammet har helde på vore nokså lik over store delar av vestlandet. Ein reknar difor at gjennomsnittstal for regionen Sogn og Fjordane og Hordaland er representative og for området her.

Norsk institutt for naturforskning (NINA) som er ansvarleg for gjennomføring og oppfølging av programmet har publisert [Framdriftsrapport](#) for perioden 2012 – 2014, siste kortrapporten for Vestlandet Sør kan de finne [her](#).. Dei har og nyleg (NINA rapport 1043) evaluert [Sett hjort](#) ordninga der dei med bakgrunn i materialet frå overvåkingsprogrammet har freista å rekonstruere bestandane og samanlikna desse med Sett hjort. Resultata frå Overvåkingsprogrammet er og vurdert og lagt til grunn for dei samla vurderingane som er gjort her.

4.5.1 Slaktevektar for kalv og ungdyr


Slaktevektene seier noko om vekt og kondisjonsutviklinga i hjorteviltbestandane. Sidan overvåkingsprogrammet starta opp har det for hjort i «kjerneområda» på Vestlandet vore ein betydelig nedgang i slaktevektene for hjort. Dette syner seg enklast på kalv og ungdyr, men fylgjer vidare oppover i årsklassane. Vektnedgangen har skjedd i takt med at bestandstettleiken i same

perioden har vore i kontinuerlig vekst. Nedgangen var størst dei fyrste 10 – 15 åra og har seinare avteke og flata ut.



Figur 13: Syner utviklinga av slaktevektene i regionen Vestlandet nord (Flora og Gloppen) for kalv (nedst) og fjordyr (øvt) i perioden Overvåkingsprogrammet har pågått. Vektene her er korrigert til 1. Oktober.

For Naustdal er det registrert slaktevektar sidan 2006 og vektene herifrå samsvarar godt med det ein finn for overvåkingsregionen.



Figur 14: Syner registrerte slaktevektar for kalvar og ungdyr i Naustdal. Vektene her er ikkje korrigerte for fellingstidspkt slik dei er for


4.5.2 Reproduksjon

Sidan starten av overvåkingsprogrammet i 1992 har andelen koller som kalvar som 2 åring vorte meir enn halvert! Dette heng direkte saman med utviklinga ein har hatt for slaktevektene til kalvar og ungdyr. Som ein konsekvens av reduserte vekt/kondisjon er det og ein del koller som heller ikkje tek kalv som 2 åring. Då ungdyr utgjer ein stor del av bestandane er dette av vesentleg betydning for reproduksjonsemna i hjortebestandane. I praksis betyr dette at ein dei fleste stader no før på ein

mykje større del "uproduktive" dyr enn tidlegare og at ein må ha langt fleire dyr enn tidlegare for å produsere den same mengda kalvar. Samstundes vil og reproduksjonen variere meir med låg gjennomsnittsalder på produksjonsdyra i bestanden.

Hjorten er ein viktig og verdfull ressurs som jaktobjekt og mat, men kan og mange stader vere ei belastning på ein del andre interesser som landbruk, samferdsle og andre samfunnsinteresser. Å ha ei stor og lite produktiv bestand er såleis ikkje særleg god ressursutnytting.

Reduksjon i produktiviteten



Figur 15: : i takt med auken i bestandsstettleiken som vert synt ved fellingstal på grafen til venstre har andelen 2 årige koller som kalvar vorte meir enn halvert (grafn til høgre) sidan overvakingsprogrammet starta.

4.5.3 Årsaker til vektnedgang og redusert reproduksjonsemne

Auka konkurranse om den beste og mest næringsrike maten er ein vanleg årsak til at auka bestandstettleik medfører reduserte kroppsvektar for hjort og andre gras/planteetande dyr. Vinterbeitet handlar for mange berre om å overleve med minst mogleg tap av kroppsvekt, men det er i vekstsesongen dyra veks og legg opp opplagsnæring til å tære på gjennom vinteren. Det er såleis sumarbeitet som er avgjerande for kroppsstorleiken og kondisjonen til dyra. Ved aukande bestandstettleik vert det konkurranse om dei mest næringsrike og attraktive beiteplantane. Dette betyr ikkje at dyra går rundt og svelt, men at dei får tilgang til mindre av dei mest verdfulle beiteplantane og fylgjeleg ikkje så god vekt/kondisjonsutvikling som dei kunne ha hatt.

Reduksjonen av 2 årige koller som kalvar er ein direkte konsekvens av reduksjonen ein har hatt i vektene for kalvar og ungdyr. Dette fordi vekta/kondisjonen til ei fjorkolle om hausten er avgjerande kor vidt den går i brunst eller ikkje. Fyrst når dei har ei slaktevekt på over 40 kg er det sannsynleg at den går i brunst og kan ta kalv. Dess meir over 40 kg dess større er sjansen for at det skjer. Forutan at små kalvar er dårlegare rusta for å kunne klare fyrste vinteren som mange stader kan vere eit nålauge vil dei heller aldri kunne vekse seg store. Dei vil bli små dyr både som ungdyr og vidare utover i livet. Små dyr produserar vanlegvis små kalvar, men her kan alderen til ein viss grad kompensere noko då eldre koller produserar større kalvar enn yngre koller. Alderen på dei vaksne hodyra i bestanden er såleis med å påverkar kalvevektene.

Alder

Store og eldre koller kjem tidleg i brunst og før såleis fram store kalvar som vert kalva tidleg. Dette har stor betydning for vektutviklinga til kalvane og dermed og kor store dei vert som vaksne. Når så ein stadig større del av desse kalvane er så små at dei ikkje vert i kondisjon til å kunne ta kalv som 1,5 åringar vert reproduksjonsemna betydeleg redusert.

Å ha tilstrekkelig med vaksne hanndyr i bestanden har og stor påverknad for kalvevektene. Brølinga kan framskande og synkronisere brunsten hjå kollene. Kolla må parast innanfor eit tidsrom på om lag eit døger dersom det skal verte kalv. Om den ikkje vert para då kan den gå i brunst igjen om ca 18 dagar. Dette inneber seinare paring som er av avgjerande vekt for kalvevektene. Godt vaksne hanndyr har og ofte erfaring og vil kunne pare kollene når deier klare for det.

Bukkane startar ikkje med skikkelig brøling før ved om lag 5 års alder og er kondisjons messig på topp frå 6-7 til 12-13 års alder.

Gjennomsnittsalderen for både hann og hodyr er her som dei fleste andre stadane på Vestlandet særst låg og ved å auke den vil det åleine vere med å leggje grunnlaget for auka kalveveker.

NINA har med bakgrunn i innsamla materiale igjennom Overvåkingsprogrammet freista å rekonstruere bestandane i dei ulike overvåkingsregionane før jakt i 2006. Tabellen nedanfor syner totalbestanden for dyr som er 2 år og eldre og gjennomsnittsalderen til desse. Som ein ser så er det særst låg gjennomsnittsalder særskilt for bukk og det er og særst få bukkar i høve koller.

Overvåkingsområde	Gjsn alder koller	Tal koller i bestand	Gjsn alder bukkar	Tal bukk i bestand
Hordaland	5,0 år	2334	3,4 år	633
Flora og Gloppen	5,2 år	2562	3,0 år	693
Hemne og Snillfjord	5,2 år	1352	3,0 år	431

4.6 Status for bestandsutviklinga

4.6.1 Bestandsstorleiken

Frå 2012 var det nokre år ein mindre nedgang både i tal felte hjort og fellingsprosent. Frå 2016 vart tildelingane redusert medan fellingsstala heldt seg stabile og fellingsprosenten auka. Frå 2019 har talet felte hjort auka i takt med aukande tildelingar samstundes som fellingsprosenten er relativt høg. Dette tolkar ein som at tildelingane er avgrensande for avskytinga sjølv om det er ein del vald med relativt låg fellingsprosent. Hjorten er ikkje likt fordelt og mange vil slite med å felle hjort medan andre kan felle så mykje dei får tildelt. Dei siste åra er trenden for Sett hjort per jegerdag aukande trass i aukande avskyting. Dette tyder at det no er god vekst i bestanden.

4.6.2 Kjønnbalanse:

Grunna overvekt av hanndyr i uttaket over lang tid er fordelinga mellom kjønn i bestandane dei fleste stader på vestlandet skeiv med for lite vaksne hanndyr. Dette vert stadfesta gjennom resultat frå Overvåkingsprogrammet for hjortevilt som syner liten andel vaksne hanndyr i hjortebestandane i overvåkingsregionane for hjort på vestlandet.

For lite vaksne hanndyr i bestanden er negativt for brunstaktiviteten som igjen påvirker kalvingstidspunkt som er viktig for kalvevektene. Låge kalvevekter over tid reduserer reproduksjonsemna i bestanden.


4.6.3 For låg gjennomsnittsalder i bestanden.

Resultat frå overvåkingsprogrammet syner at gjennomsnittsalderen for dyr 2,5 år og eldre i overvåkingsregionane på vestlandet er særst låg.

Gjennomsnittsalderen for dei vaksne dyra i bestanden er av vesentleg betyding for kalvingstidspunktet og dermed og kalvevektene og til sist reproduksjonsemna. Koller over 5 år går tidlegare i brunst og før større kalvar tidlegare på året enn yngre koller medan bukkane ikkje startar med skikkelig brøleaktivitet før ved 5 års alder.


Gjennomsnittsalderen er nok her som dei fleste andre stader på vestlandet for låg i høve å ha ein stabil og god reproduksjon. Dette er godt dokumentert igjennom Overvåkingsprogrammet. Som grafen nedanfor viser er det berre eit fåtal av dyra som oppnår å bli «vaksne» (5 år+).

Avskytingsmønsteret har over lang tid vore mykje godt vore likt over det meste av vestlandet, så figuren nedanfor er nok mykje truleg representativ for stoda i området her og.



Figur 15: Viser alderen på i alt 60 322 alderbestemte dyr felt i Flora, Bremanger og Stryn frå 1991 til 2018. Dette representerar ein så stor del av dei felte dyra over så lang tid at det er representativt for stoda i bestandane i regionen. Under 2 % av alle felte hanndyr er eldre enn 5 år medan det for hodyr er tilsvarende 6,5 %.

For området her så har andelen kalv i jaktuttaket vore aukande ein del år og utgjorde i 2021 30 % av det samla jaktuttaket der kalv og ungdyr til saman utgjorde 77 %. Dette er særst positivt i høve å få opp gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden.



Figur 16: Syner utviklinga av slaktevekt til koller og bukkar. Kollene oppnår raskt nær maksimal kroppsvekt medan bukkane brukar mykje lengre tid på å kome opp i mot maksimal vekt som og er mykje høgare enn for koller. Ein reknar at koller i mellom 5 og 12 – 14 år er dei beste produksjonsdyra som før store og robuste kalvar som vert fødd tidleg. Bukkane er «på topp» når dei er mellom ca 6 og 12 år gamle. Som vi har vist ovanfor finns det særst få dyr i desse aldersgruppene i dagens hjortebestandar på Vestlandet.

4.6.4 Tiltak for å endre bestandsstatus:

For å oppnå betra kjønns og aldersstruktur i bestanden må ein ha ein låg andel av uttaket på eldre dyr og ein stor del på kalv og ungdyr. Dette har ein her hatt dei siste åra noko ein bør halde fram. Dersom ein ikkje aukar uttaket av kalv (særskilt) og ungdyr samstundes som ein reduserer uttaket av vaksne dyr vil ein få bestandsvekst og heller ikkje oppnå auke i gjennomsnittsalderen for dei vaksne dyra.

Fordelinga på kjønn i jaktuttaket har lenge vore nokolunde lik men fordelinga er framleis skeiv med lite hanndyr i høve hodyr. Ein bør difor nokre år ha ei overvekt av hodyr i det samla jaktuttaket.

Andelen kalv i jaktuttaket har vore aukande og utgjorde siste året 30 %. For å redusere bestanden og samstundes byggje ei meir robust bestand må totaluttaket aukast med ein stor andel kalv. At kalv utgjør ein stor del av det samla jaktuttaket er og det beste tiltaket ein har for å auke gjennomsnittsalderen hjå dei attlevande dyra i bestanden.

For å betre kjønnsbalansen og få meir vaksne hanndyr i bestanden i ei "skeiv" bestand må ein ha ei overvekt av hodyr i det samla jaktuttaket. Fordelinga her har lenge vore nokolunde jakmt fordelt mellom kjønnna men Sett hjort registreringane tilseier likevel at her er lite hanndyr i høve hodyr.

5 Mål for bestandsplanen

Omfanget av beitekader av hjort på innmark og skog er mange stader stort og inneber eit betydeleg økonomisk tap mange. Slaktevektene og kondisjonen til hjorten har og vore minkande og bestanden bør reduserast. Avskytinga har vore auka noko dei seinare åra utan at det er teikn på reduksjon i bestanden men kanskje er ein i balanse i høve tilveksten. For å redusere bestanden må uttaket difor aukast ytterlegare.

5.1 Hovudmål:

Hovudmålet er å ha ei produktiv og robust bestand med sunne og friske dyr som årleg produserer mest mogleg jaktobjekt/kjøtt utifrå det naturlege beitegrunnlaget.

Dette innafor det som er forsvarleg og akseptabelt i høve belastninga hjorten medfører for andre interesser som landbruk, samferdsle, busetnad (hage m.v.) og andre samfunnsinteresser.

Hovudmålet for bestandsutviklinga er å redusere bestanden og legge grunnlaget for ei stabil og robust bestand godt under dagens storleik.

5.2 Delmål:

- Forbetre kjønnsbalansen i bestanden, - Sett kolle pr bukk bør liggje stabilt godt under 1,5
- Auke gjennomsnittsalderen hjå dei vaksne dyra i bestanden
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr – fylgje opp slaktevektregistreringane.
- Auka produktivitet i bestanden, auke i indeksen for Sett kalv pr kolle

6. Handlingsdel – avskytingsplan

For å betre aldersstrukturen i bestanden skal ein ha ein stor del av uttaket på kalv og ungdyr.

Totaluttaket må aukast for å stogge bestandsveksten og redusere bestanden. Med ein betra kjønns og aldersstruktur i bestanden vil ein kunne ha ein større reproduksjon på ein mindre vinterbestand.

Fordelinga på kjønn bør ha ei overvekt av hodyr for å auke andelen eldre hanndyr i høve hodyr i bestanden.

6.1 Avskytingsplan

Naustdal bestandsplanområde søker om godkjenning av bestandsplan for 3 -årsperioden 2023 - 2025 med ei årleg kvote på 725 dyr for dei tilslutta valda, til saman 2.175 løyve for heile planperioden.

Bestandsplanområdet har mål om ei årleg avskyting på ca 600 hjort for heile årsleveområdet samla.

Fordelinga av jakttutaket for perioden samla skal fordelast slik:

- *Minimum 30 % kalv*
- *Minimum 45% ungdyr, av ungdyr skal det skytes minimum 50% hunndyr*
- *Maksimum 12,5% eldre koller*
- *Maksimum 12,5% eldre bukk*

Sjølv om valda får tildelt fellingsløyva som valfrie løyver skal avskytinga gjerast i samsvar med den oppsette fordelinga. Det betyr at f.eks eit vald med 10 fellingsløyver ikkje kan rekne ut at dei då kan felle 3 bukkar og la vere å skyte kalvar og hodyr. For at dei skal kunne felle 3 hanndyr må dei då og felle kalvar og hodyr slik at % fordelinga går opp.

6.1.1 Skrapdyr

Det er opp til hvert kvart enkelt vald om dei vil legge opp til skrapdyrordning i sin avskytingsplan.

6.2 Fordeling av fellingskvote til valda

Valda får tildelt fellingskvoten frå kommunen som valfrie dyr etter følgjande oppsett:

Valdnr	Vald	Teljande areal	2022	2023	2024	Daa pr tildelt
4647V0018	Midtre Naustdal Storvald	50270	200	200	200	251
4647V0020	Nedre Sørsida Storvald	25628	115	115	115	223
4647V0023	Horstad og Solheim storvald	15973	63	63	63	254
4647V0024	Sørsida Storvald	22355	75	75	75	298
4647V0025	Instedalen Storvald	27025	65	65	65	416
4647V0169	Naustedalen Nordside Storvald	32635	100	100	100	326
4647V0170	Vevring Storvald	30259	120	120	120	252
	Sum/gjsn.	204145	725	725	725	282

6.3 Overføring av fellingsløyve mellom vald, fellesjakt.

Det er høve å overføre fellingsløyve mellom valda i bestandsplanområdet jfr §19 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*. Dette kan gjerast både ved at valda overfører fellingsløyve gjevne i eit vald til eit anna vald og ved at vald let andre vald få jakte på sin fellingskvote på deira areal. Føremålet med slik overføring er å ha fleksibilitet for å nå måla i bestandsplanen og for å avverge skadepress på landbruksnæring. Valda kan overføre inntil 20 % av tildelte løyver, minimum 1 løyve frå eit år til eit anna.

Valda sjølve avtalar og organiserar overføring av fellingsløyve eller fellesjakt.

Alle jaktrettshavarane i dei involverte valda må samtykke før ein kan inngå slike avtalar.

Felte dyr ved fellesjakt/overføring av fellingsløyve skal rapporterast frå dei valda dei er tildelt.